

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Vår ref.: 2017/59

Dykkar ref.: 2017/8570

Dato: 16.10.2017

Genmodifisert insekts- og sprøytemiddelresistent mais MZIR098 til import, prosessering, mat og fôr

Bioteknologirådet har motteke brevet frå Miljødirektoratet datert 13.9.2017, som gjeld søknad EFSA-GMO-DE-2017 om godkjenning av den genmodifiserte maisen MZIR098 under mat- og fôrforordninga i EU. Miljødirektoratet har bedt Bioteknologirådet om ei vurdering av søknaden og om spørsmål som gjeld berekraft, samfunnsnytte og etikk som eventuelt kan stillast til søkjaren.

Maisen har fått sett inn eit nytt gen som gjer at han produserer protein som gjer han resistent mot sprøytemiddel med glyfosinat-ammonium. Maisen inneheld òg nye gen som gjer at han produserer protein som verkar som insektgift mot visse skadeinsekt i *Diabrotica* slekten, herunder mot «Western corn root worm». Maisen er ifølgje søker godkjend for dyrking i USA og Canada og for import i Australia/New Zealand.

Etter genteknologiloven skal ein GMO ikkje skade helse og miljø for å bli godkjend i Noreg. Det skal òg leggjast vesentleg vekt på om GMO-en er samfunnsnyttig, etisk forsvarleg og bidreg til berekraftig utvikling, og Bioteknologirådet har eit særleg ansvar for å vurdere dette. Fordi berekraft skal vurderast langsiktig og globalt, er tilhøva i produksjonslanda òg relevante.

Eit samrøystes Bioteknologiråd har tidligare vurdert det slik at det ikkje samsvarer med vurderingskriteria berekraft og etikk å godkjenne genmodifiserte plantar som er resistente mot sprøytemiddel med det helse- og miljøfarlege verkestoffet glufosinat-ammonium. Å stille fleire spørsmål til søkjaren no vil difor ikkje gi avgjerande ny informasjon.

Bioteknologirådet rår til at Noreg forbyr maissorten MZIR098 til import, prosessering, mat og fôr.

Med helsing

Kristin Halvorsen
leiar

Ole Johan Borge
direktør

Saksbehandlar: Hilde Mellegård

Kopi: Klima- og miljødepartementet